

KRAFT MUSEET

ÅRSRAPPORT 2024



Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum, er ei stifting med egne vedtekter og styre. Museet har hovudkontor i Naustbakken 7 i Tyssedal, og har arenaer og publikumstilbod både i Tyssedal og Odda.

Museet vart stifta 9. desember 1988 som Odda Industristadmuseum. Stiftinga vart utvida i år 2000 og skifta namn til Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum. Etter museumsreforma, fekk museet i 2003 status som konsolidert museum, og eit tematisk ansvarsmuseum. I 2018 bytte museet namn til Kraftmuseet - Norsk vasskraft- og industristadmuseum. Gjennom å vera ein del av NVE si museumsordning, har Kraftmuseet konkrete oppgåver på nasjonalt plan.

Følgjande verksemder, institusjonar og organisasjonar er stiftarar av Kraftmuseet:

Odda kommune (no del av nye Ullensvang kommune), Odda Smelteverk AS (nedlagd 2003), Norzink as (no: Boliden Odda AS), K/S Ilmenittsmelteverket (no: INEOS AS), AS Tyssefaldene, Odda og omland faglige samorganisasjon (no: LO i Indre Hardanger), BKK, Bjølvfossen ASA (no: Elkem Bjølvfossen AS), DNN Industrier AS, E-CO Vannkraft AS, Eidfjord kommune, Norsk elektriker- og kraftstasjonsforbund (no: EL & IT Forbundet), Energibedriftenes Landsforening (no: Fornybar Norge), E-verkenes fagforening Vestlandet, Haugaland Kraft AS, Hardanger og Voss regionråd (no: Hardangerrådet), Herdlandsfoss Kraftverk (no: overført til BKK), Hydro Energi Røldal-Suldal, Indre Hardanger Kraftlag (no: Hardanger Energi AS), Kvinnherad Energi AS, Lederne, Landsorganisasjonen i Noreg, Norsk Institutt for vannforskning (NIVA), NHO Hordaland, Norsk Arbeidsmandsforbund, Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE), Norsk kjemisk industriarbeiderforbund (no: Styrke), Norges Ingeniør og Teknologorganisasjon (NITO), Norske Sivilingeniørers Foreining (no: Tekna), Odda Energi AS (no: Haugaland kraft/ Fagne), Prosessindustriens landsforening (no: Norsk Industri), Statkraft Energi AS, Sunnhordland Kraftlag AS, Ullensvang herad (no del av nye Ullensvang kommune).

Museet arbeider etter følgjande føremålsparagraf vedteken av stiftarane 11. april 2000:

Museet skal samla inn og dokumentera, sikra, driva forskning og formidla historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristaden.

Det er eit overordna mål å syna mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur. Museet skal vekkja interesse for og samla materiale om vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet: Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig, gjennom formidling og undervisning, mellom anna knytt til museumsanlegget i Folgefonngata.

Museet har som mål å bli eit nasjonalt senter for kunnskap og rådgjeving om norsk vasskraftshistorie, og historie knytt til kraftkrevjande industri og samfunnet ikring. Museet har òg som mål å bevare, forvalta og formidla kunnskap om det nasjonale kulturminnet Tyssedal Kraftanlegg (Tysso I).

INNHALD

1. Organisasjonen
2. Økonomi
3. Samandrag: 2024 – eit jubileumsår med breidde
4. Samling og dokumentasjon
5. Formidling
6. Mangfald og inkludering
7. Forsking, utvikling og nettverksarbeid
8. Administrasjon og drift
9. Vegen vidare

Årsrekneskap

1. Organisasjonen

Styret	Toralv Mikkelsen, styreleiar (Ullensvang kommune)
	Trude H. Letnes, nestleiar (styreoppnemnt)
	Nina Haug (Vestland fylkeskommune)
	Runar Rugtvedt (Norsk Industri)
	Hans Henrik Haukaas (Statkraft)
	Harald Jordal (LO i Indre Hardanger)
	Ingunn Olsen Mossefin (Kraftmuseets Venner)
	Dag Endre Opedal (tilsette sin representant)

Direktør Liv Eirill Evensen

Administrasjonsleiar Mette Haraldsen

Avdelingsleiarar Svein Jåstad
Åsne Dolve Meyer
Lasse Tverdal

Revisor Ullensvang Revisjon AS ved statsaut. revisor Nils Magnus Berge

Styret hadde 4 ordinære styremøte i 2024, og handsama i alt 34 saker.

Ved Kraftmuseet vart det i 2024 utført 17,13 årsverk, i tillegg kjem frivillig innsats som er stipulert til 0,50 årsverk. Av 18 faste tilsette vart det utført 15,6 årsverk ved Kraftmuseet. Tilsette på engasjement, korttidstilsette og sysselsette utførte 1,53 årsverk, gjennomført av i alt 10 personar.

Kraftmuseet arbeider for likestilling mellom kjønna – organisatorisk, sosialt og lønsmessig. Fordelinga av menn og kvinner mellom dei fast tilsette pr. 31.12.2024 er 7 menn og 11 kvinner. Tre kvinner og to menn utgjer leiinga ved museet. Kvinneandelen i styret var 42,9 %.

Kraftmuseet hadde i 2024 eit sjukefråvær på 11,82 % mot 6,9 % i 2023. Det legemeldte sjukefråværet var på 9,5 % mot 4,0 % i 2023. Det er sett i verk tiltak for å redusera sjukefråværet.

Korttidssjukefråværet gjekk frå 2,9 % i 2023 til 2,32 % i 2024. Vi har ikkje registrert arbeidsuhell i 2024.

Museet samarbeider med ei rekkje aktørar, som NVE, Ullensvang kommune, Riksantikvaren, Vestland Fylkeskommune, Hardangerakademiet, Liv på Nes, Statkraft, AS Tyssefaldene og ulike museum. Visit Hardangerfjord er samarbeidspart innan reiseliv og marknadsføring, og lokalt jobbar me tett saman med Trolltunga Active og turistkontoret. Museet samarbeider med lokale verksemdar og næringsliv, og prøver i størst mogeleg grad å kjøpe varer og tenester lokalt. Venelaget *Kraftmuseets Venner* er også ein viktig samarbeidspartnar og støttespelar for museet.

Framsida: Jubileumskonsert med Terje Isungset Ice Quartet i Tyssø I kraftstasjon 29.02.24. Foto: Dag Endre Opedal, Kraftmuseet

2. Økonomi

Rekneskapen viser eit overskot i 2024 på kroner 1 524 834. Årets resultat er fordelt slik: Til bunden eigenkapital har vi overført kr. 180 726 til vedlikehaldsfondet for Periodisk vedlikehald av Tyssedal kraftverk. Vidare er kr. 226 475,- overført til Fond Industriarkiv, for å kunna bruke dette til å investere i samlingane framover. Og sist er kr. 1 117 632,64 overført til disposisjonsfondet – dette skal bidra til eigenfinansiering i framtidige prosjekt som t.d. Istandsetting av Naustbakken 7 som er administrasjonsbygget til Kraftmuseet, naudsynt vedlikehald av M/Y Tyso, og anna.

Vi har hatt eit svært krevjande år grunna langtidssjukemeldingar hos nøkkelpersonar med spesialkompetanse. Denne kompetansen kan ein ikkje erstatta på kort varsel, og viktige oppgåver er fordelt i leiargruppa. Oppgåvene er løyst etter beste evne, har ført til at andre og mindre viktige oppgåver er blitt utsette.

Overskotet skuldast dette, refundert lønn frå NAV, samt gode inntekter på oppdragsverksemd, utleige og andre salsinntekter.

Hovudoppgåvene i 2024 har vore istandsettingsarbeidet i arbeidarbustadane i Folgefonngata, samt oppstart av arbeid med universell utforming av museumshagen i Folgefonngata 9. Avslutting av leigeavtalen med kommunen på Lindehuset for å overlevere dette i så god stand som mogeleg med tildelte ressursar. Vi har gjennomført oppdragsverksemd som har ført til utgjeving av jubileumsboka til Boliden Odda AS og avslutning av første fase av ordning av AS Tyssefaldene sitt nyare arkiv. Det siste har ført til hovudprosjekt der arkivet vert ordna, registrert i arkivsystemet - ASTA og overført til magasin i Industriarkivet. Eit oppdrag i hovudsak betalt av arkiveigar.

Vi held framleis eit høgt påtrykk og nivå i søknadsarbeidet, vedlikehald av andre bygg, utoverretta verksemd og samlingsarbeid, slik det går fram av denne årsrapporten. Kraftmuseet baserer drifta på offentlege tilskot, men har i fleire år hatt ei positiv utvikling når det gjeld eigeninntekter.

I fleire år med gode resultat har Kraftmuseet opparbeidd solid eigenkapital og god likviditet. Vi har planer om å nytte deler av dette til investeringar i komande år. Styret ønskjer òg at den opparbeidd kapitalen skal arbeide for museet, og vedtok i september 2023 at 4 millionar skulle setjast av på lågrisiko rentefond, Holberg likviditet A. Investeringa gav i perioden 2024 ei avkastning på kr. 214 022,-.

Straumkostnadane stabiliserte seg i 2024. Vi ønskjer å ruste oss for ei framtid med varierende straum- og fjernvarmekostnadar ved å investere i ENØK-tiltak, og styrkje utnyttinga av fjernvarmen.

Etter styret si meining gjev den framlagde rekneskapen og balansen eit rett bilete av stoda til stiftinga Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum pr. 31.12.2024.

3. Samandrag: 2024 – Eit jubileumsår med breidde

Kraftmuseet markerte i 2024 35-årsjubileum for det første driftsåret vårt i 1989. Vi sette saman ein komité som jobba med program, informasjon og ulike tiltak. I februar gjennomførte vi hovudarrangementet vårt: *Terje Isungset Ice Quartet*, på skotårsdagen, i vakre Tysso I kraftstasjon. Konserten vart ei fantastisk oppleving for publikum. Ei anna markering, med kaffiselskap i hageanlegget i Folgefonngata, fekk vi skipa til saman med vennelaget i slutten av august. Tiltak for universell utforming og opprusting av arbeidarbustadene har teke museet 2 år, og det er meir arbeid å ta tak i.

I 2024 fekk vi tilsett i stillinga som avdelingsleiar for samling, og den samanslåtte avdelinga for formidling og samling vart historie. Gjenstandsarbeidet treng fokus framover, slik at vi kan få utbetra tilhøva for praktisk samlingsarbeid ved museet. Fokuset i gjenstandssamlinga ligg på orden, struktur og avhending framfor tilvekst, medan innan arkivfeltet er arkivet skapt av Johan Galtung ein viktig tilvekst i 2024. Prosjektarbeidet har lukkast så langt, forprosjektet vart fullfinansiert med eigeninnsats frå museet og frivillige, og arkivet vart henta frå Spania i sommar. Det vert spanande å sjå den vidare utviklinga av hovudprosjektet framover.

Vi har òg fått på plass ein del 2 av det store arkivordningsprosjektet for AS Tyssefaldene, med større oppgåver sikra for dei komande åra, 2025 og 2026.

Innan formidling er den nye Knud Knudsen-utstillinga i Naustbakken 7 eit høgdepunkt. Det vart naudsynt å skaffe ny *blackbox* og flytte framsyninga av *Frukthagen* ut frå Lindehuset, innan leigekontrakten vår gjekk ut på bygget. Resultatet er *Inn i frukthagen*, ei sterk miniutstilling som kombinerer fotografi, leik med speglar, prisme og ljøs, med utstillinga av Knud Knudsen sitt fotoapparat – og sjølve den immersive opplevinga *Frukthagen*. Tiltaket har styrka Naustbakken 7 som administrasjons- og formidlingsbygg for museet. Det store arbeidet med reparasjon av taket står for tur, og i 2025 skal vi òg i gang med forarbeid med tanke på ei ny basisutstilling.

Sjukdom og redusert mannskap førte til at oppgåver vart utsette frå vår til haust. Nokre tiltak er òg utsette til 2025, etter god dialog med tilskotsytarar. Likevel har vi fått gjennomført svært mykje, og vi har førebudd organisasjonen for oppgåvene som kjem i 2025.

Gode nettverk og spanande samarbeid gjer at vi stadig får nye perspektiv, inspirasjon og nye mogelegheiter for å utvikle museet og den daglege drifta vår.



Blackbox på veg inn i Naustbakken. Her skal mange få ei stor og god kunstoppleving. Foto: Kraftmuseet, Åsne Dolve Meyer

4. Samling og dokumentasjon

Kraftmuseet forvaltar mange viktige materielle kulturminne, med Tysso I kraftverk, bygg på Smelteverkstomta og arbeidarbustadene i Folgefonngata som dei mest framståande.

Per 31.12.2024 eigde me, eller hadde ansvaret for, 25 bygg, 1 verna fartøy, kring 12 300 registrerte gjenstandar, fleire hundre intervju, vel 150 kulturhistoriske filmar, kring 160 000 fotografi og ei biblioteksamling med ca. 5 200 einingar. Museet har ei samling av omlag 330 privatarkiv.

Det vert arbeidd frå Vestland fylkeskommune si side med planlegging av eit felles stormagasin for dei konsoliderte musea i tidlegare Hordaland. Her har Kraftmuseet levert høyringsuttale i år, kor vi la vekt på behovet vårt for felles magasinløyisingar regionalt.

Kraftmuseet har i 2024 tilsett avdelingsleiar samling, noko som inneber ei oppsplitting av avdelinga for formidling og samling. Det vert no ein ny tidsalder for Kraftmuseet, kor vi kan fokusera tydelegare på samling. Museet har her eit betydeleg etterslep, kor store delar av samlinga ikkje er ferdig ordna og registrert, og inntak har til tider vore gjennomført utan ein tydeleg plan, slik at vi bør vere restriktive med inntak i fleire år framover.



Felles fagdag for alle tilsette med tema samling i mars. Foto: Bevaringstenestene

Arkiv

Kraftmuseet har hittil registrert 112 arkiv i Arkivsystemet, ei løysing som gjer at publikum kan sjå at me har dei, og kva dei inneheld. I 2024 vart 7 arkiveiningar registrerte inn i ASTA. I 2024 har museet motteke 5 arkiv. To av desse er tilvekst til tidlegare motteke material.

Vi hadde 25 rekvisisjonar av foto, 35 rekvisisjonar av informasjon, og 4 rekvisisjonar av teikningar i 2024. Førespurnadene kjem generelt frå publikum, frå offentlege organ og frå ulike tiltakshavarar.

Bolidenarkivet vart ferdigstilt i 2023. I 2024 har vi merka arkivet med etikettar, eit omfattande arbeid. I Bolidenarkivet ligg det fleire arkiv for dotterselskapa Larvik Pigmentfabrikk AL, Hardanger byggeselskap AS, Norzink Technology og Odda Recycling AS. Desse ligg på vent og skal ordnast når vi får høve til det.

I prosjekt *Digitalisering og tilgjengeleggjering av Teikningsarkiv, Odda Smelteverk AS*, er status slik at om lag 3 000 teikningar av 20 000 er digitaliserte. Dette er eit utviklingsprosjekt, og museet har arbeidd tett med Digitalarkivet for å gjere teikningane tilgjengelege. Til no er om lag 1 300 teikningar lagt inn i Digitalarkivet, og vel 19 800 er indekserte. Diverre har vi ikkje hatt høve til å prioritere prosjektet i 2024. Arbeidet med teikningsarkivet vil fortsette med større styrke i 2025. Prosjektet er støtta av Arkivverket.

Oppdraget vårt med ordning av privatarkivet frå AS Tyssefaldene vart ferdigstilt i 2024, medan vi fekk tilslag på eit utvida arkivoppdrag frå den same verksemda, med eit stort arbeidsomfang i 2025 og 2026. Oppgåva har stor samfunnsmessig betydning, sidan vi slik får bidra til å ta vare på historia til AS Tyssefaldene for ettertida. Dette er også eit heilt spesielt oppdrag for oss, sidan det gjeld eigaren av dei kulturhistoriske bygga vi forvaltar i Tyssedal. Arkivet til AS Tyssefaldene fortel ikkje berre historia om ei verksemd, men om eit heilt samfunn. Arkivet representerer òg ein sentral del av historia om moderniseringa av Noreg som nasjon.

Arbeid med forprosjekt, *Arkivet skapt av Johan Galtung*, har vore spanande, med fleire møte, søknadar, positiv oppslutnad frå politisk hald, og ikkje minst: Ei sær arbeidskrevjande prosess med henting av arkiv i Spania, kor ei rekkje institusjonar, bedrifter og privatpersonar har vore involverte, tett koordinerte av Kraftmuseet – midt i ferieavviklinga. 28 flyttekassar med arkiv, samt ei stor boksamling, diplom og utmerkingar vart henta, arkivet vart frysehandsama i Salhus og frakta vidare til Industriarkivet, medan boksamlinga gjekk til Hardangerakademiet som mottakar. Vi er stolte over at vi fekk dette til, og ser fram til fortsetjinga.

Foto

Kraftmuseet har vel 15 000 foto tilgjengeleg på Digitalt Museum (DM). DM er mykje nytta, både blant privatpersonar, organisasjonar og forlag. Kraftmuseet leverer ein god del foto til bøker og artiklar. Nedlasting frå DM til privat bruk er gratis.

I 2024 fekk vi ei viktig tinging frå Statkraft: Digitalisering av dias-bilete knytte til Ulla-Førre-utbygginga. Dette arbeidet er vi om lag halvvegs med ved utgangen av 2024. Arbeidet vil ferdigstillast i løpet av 2025.

Museet har implementert DAMS (Digital Assets Management) for fotolagring og deling, og hatt intern kursing i dette programmet.

Gjenstandar

Samlingsarbeidet har eit større etterslep generelt. No som vi har på plass avdelingsleiar samling, har det naudsynte arbeidet med rydding, avhending og kassasjon fått ny retning, og nytt driv. Å få grep om etterslepet vil gje rom for å utvikle samlingsavdelinga – og leggje grunnlaget for meir av den viktige forskinga og formidlinga vi skal drive med, basert på samlingane våre.

Samlingsarbeidet har i 2024 også vore prega av nye tiltak og framgangsmåtar. For å bøte på etterslepet har avhending og kassasjon vore heilt naudsynte tiltak. Dette arbeidet kom vi så vidt i gang med hausten 2024. I samarbeid med Bygg og anlegg vart det tømt eit rom i Bygg 026. Her vart

ein del av gjenstandane tekne vare på, men mykje vart òg avhenda og kasta. Fleire titals gjenstandar av ymse registreringsgrad vart gjennomgåtte, og her måtte mykje avhendast. Prosessen var nøye følgt opp av avdelingsleiar, og naudsynt vurdering av kvar einskilde gjenstand vart gjennomført etter interne rutinar.

Denne ryddeprosessen, som vi no er i gang med, er avgjerande for ei oversiktleg gjenstandssamling i framtida. Ein kan ikkje understreke viktigheita av slike prosessar nok, og vi vil framleis ha eit stort behov for avhending i tida som kjem.

Eit anna viktig moment ved gjenstandsarbeidet er å skilje mellom Primus-registrerte gjenstandar, og gjenstandar som ikkje er registrerte i programmet Primus. Det er gjennom Primus at gjenstandane igjen kan publiserast og tilgjengeleggjerast i Digitalt Museum. I Primus har vi totalt 3 378 registrerte gjenstandar.

Tekstilprosjektet

Museet har i fleire år halde fokus på samlingane gjennom prosjekt og opplæring. I 2024 hadde vi eit eige tekstilprosjekt i lag med Bevaringstenestene i Hordaland. Gjennom ei intensiv veke i desember vart tekstilkonservering som fag verkeleg plassert i høgsetet. To representantar frå Bevaringstenestene tok turen til Kraftmuseet og hjelpte oss med naudsynt opplæring og gjennomføring av prosjektet.

Arbeidet omfatta mellom anna reingjering, registrering, fotografering, tilstandsvurdering og til slutt nedpakking av ei rekkje tekstilgjenstandar. Dei aller fleste vart henta frå samlinga vår i Folgefonngata 9. Målet var å rekkje over 100 tekstilar. Resultatet vart heile 164 tekstilar, og vi reknar difor prosjektet som ein stor suksess.

Dei fleste aspekta ved gjenstandsarbeid vart aktualiserte under tekstilprosjektet. Dei tilsette fekk her ei styrka forståing av tekstilar som ein viktig del av samlinga. Samstundes fekk vi også opparbeidd ny kompetanse og inspirasjon til å ta fatt på det vidare arbeidet med gjenstandssamlinga til museet.



Fotografering av tekstilar under tekstilprosjektet. Foto: Lasse Tverdal, Kraftmuseet

Immateriell kulturarv

Odda vidaregåande skule si landslinje i vg2 smedfaget held fram i den freda smia vår i Bygg 026. Målet til skulen er å ta vare på smedfaget, finne læreplassar og føre handverket vidare.

Innanfor immateriell kulturarv forvaltar også Kraftmuseet ei enorm kunnskapsbase gjennom Industriarkivet, med store verksemdarkiv, andre privatarkiv, og varierte organisasjons- og lagsarkiv.

Tysso I Kraftstasjon

Forvalting, drift og vedlikehald av Tyssedal kraftverk vart i 2024 handtert på eit tilfredsstillande nivå.

Vi har skrapa rust i røyrgjellar nord, og starta med maling her. Vi er om lag halvvegs med tiltaket, og reknar med å ferdigstille primo 2025. Kraftmuseet har behandla klinkerflisene på golvet i stasjonen med linoljevoks. Dette er ei massiv oppgåve på om lag 1 350 m² flate. Vi har dokumentert status for sprekkdanning over vindauga i nord gjennom foto og måling, slik at vi kan inspisere tilstanden årleg for eventuell utvikling i negativ retning. Vi har halde fram med å byte ut knust glas i vindauga i vestveggen, og vi har måla himlinga.

Elles har museet bidrege i arbeidet med å kartleggje forfall utvendig, i samråd med eigar.

Kraftmuseet fekk ulike oppgåver frå eigar i samband med synfaring utvendig, mellom anna fjerning av vegetasjon mot aust, samt fjerning av mose ved trabulanten i vest. Dei større vedlikehaldsoppgåvene utvendig vil verte løyste i 2025 gjennom eksternt firma, og i dialog med Kraftmuseet.

Vi har jamt fokus på energieffektivisering, med tetting av luftlekkasjar og opprusting av fjernvarmeanlegget.



Irene Lamo i sving, 1 350 kvadratmeter golv er inga sak. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Lilletopp

Det vart som vanleg teke vernerunde på stien og anlegget før sesongopning, med utbetring av manglar, samt vinterklargjering av anlegga.

Bygg 026 Smia

Bygg 026 er tidlegare sett i stand, slik at kostnadane til FDV er reduserte. Smedskulen held til i Smia. Det er stor aktivitet i lokala, både knytt til undervisninga og til aktivitetar i regi av Odda Smedforening. I år har festivalen Jernrosa og Litteratursymposiet nytta lokale i Smia.

Arbeidarbustadene i Folgefonngata

Det store og fleirårige prosjektet med opprusting av Folgefonngata, med eit spesielt fokus på nummer 9, og anlegget med universelt utforma hage, vart ferdigstilt i år. Vi har drifta heile 3 byggeprosjekt på anlegget samstundes, med ei rekkje bidragsytarar. Ferdigstillinga av prosjekt *Universell utforming av hagen* vart markert med hageselskap i august.

Det ligg no til rette for eit nærare samarbeid om tilgjenge til anlegget og til arbeidshistoria vår, i kontakt med Bokko bo- og behandlingssenter, og med skular i nærmiljøet, samt for auke i utleige av Buen. Vi vil arbeide fram eit tenleg og handterleg formidlingsopplegg for Folgefonngata det komande året.



Litt regn stoppar ikkje danselysta! Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

M/Y Tysso

Etter eit år med aktiv forvaltning av båten i 2023, fekk vi redusert aktivitet i 2024, grunna svekka bemanning ved museet. Båten har hatt tilsyn gjennom året ved Hardanger Fartøyvernssenter, her han ligg på vatn, til kai og under tak heile året. Utover dette har frivillige sett til båten, og fartøyvernssenteret har vinterklargjort han, på oppdrag frå museet.

Kraftmuseet har hatt oppe styresak om M/Y Tysso i år. Styret vil at båten skal nyttast meir, og vere meir synleg. Det vil verte eit større fokus på båten i 2025.

Naustbakken 7

Taket på Naustbakken 7 må skiftast. I veke 36 leigde vi inn lift for å inspisere taket med arker og takvindauge. Det vart gjort naudstiltak på lause heller, tårn og eit vindauge, som satt laust.

Vi har von om at det ikkje kjem nye lekkasjar før vi får byrja på det store og naudsynte bygningsarbeidet i 2025, alternativt i 2026. Eit omfattande finansieringsarbeid pågår.



Frode Bu tettar lekkasje i tårnet med mellombelse grep. Foto: Annett Rosenberger, Kraftmuseet

I Naustbakken 7 er det òg jobba for klargjering av nytt kontor i 1. etasje, og det er gjort eit stort stykke arbeid med klargjering av lokala til den nye miniutstillinga kring Knud Knudsen. Brannsentral og alarmer er i år skifta ut, kosta av eigaren av bygget, AS Tyssefaldene.

KraftLaben – Vitenparken

Eit par nye installasjonar til parken ligg klare for montering, dette arbeidet er utsett til 2025.

Lindehuset

Året har gått med til klargjering for overlevering av bygget attende til eigaren, Ullensvang kommune. Det har vore rydding, gjennomgang av system, møte med erfaringsoverføring og synfaring. Vi har òg gjennomført ein del FDV-oppgåver på bygget.

5. Formidling

Besøkstala for Kraftmuseet samla låg på 28 785 i 2024. Dette er vi godt nøgde med.

Krafttematikken er framleis særers aktuell i media og elles, med eit aktivt publikum som gjerne vil vite meir om kraftkrise, vekslande kraftprisar og bakgrunnen for dette.

Sommarvertane som var tilsette ved museet i 2024 var dei same, gode vertane som året før. Sidan ein av vertane på KraftLaben fekk lærlingplass, lyste vi ut ei stilling her for å få dekkja opp den siste delen av sommaren. Vi fekk få, men gode, søkjarar. Som åra før leigde museet inn vertskapstenester hos Trolltunga Active på Lilletopp.

Besøkstal

	2021		2022		2023		2024	
	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne	Barn	Vaksne
Tyssedal	2280	8004	2 304	12 041	2 306	9 246	2255	8971
KraftLaben/Lindehuset	4054	2106	5 657	6 642	6 130	6 792	6401	8419
Andre	310	1676	324	2 510	1 177	1 676	354	2385
SUM	6644	11786	8 285	21 193	9613	17714	9010	19775
Totalt	18 430		29 478		27 327		28 785	



Kraftmuseet hadde eit sterkt og engasjert team av sommarvertar i 2024. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Utstillingar/ kunst

Inn i frukthagen

Vi henta inn Lofthus Bygg til å slutføre bygningsarbeidet i Knud Knudsen-utstillinga i Naustbakken 7. Inn i dei gamle lokala har no nye fargar, spanande ljøs og skugge fått plass. Fotografiapparatet til Knudsen er plassert i ein monter som vi har fått i gåve frå KODE i Bergen, og den stemningsfulle *Frukthagen* vert vist i flunkande ny *blackbox*. Offisiell opning av den smått magiske miniutstillinga *Inn i frukthagen* var i oktober.

Basisutstilling

Basisutstillinga vår i Naustbakken 7 var gamal, og vart avvikla i år. Arbeid med forstudie, ny basisutstilling, skal i gang på nyåret.

Kraftfull arkitektur

I Tysso I har utstillingane *Kraftfull arkitektur* og tidslinjeutstillinga vært godt likte av publikum. Sjå også avsnittet Undervisningsopplegg, om medverknad i utstillingsarbeidet.



Frukthagen er populær både for store og små. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Kampen om Alta

Kampen om Alta står som permanent utstilling i kraftstasjonen. Utstillinga er produsert av Kraftmuseet, Skogmuseet og NVE, og ho var fyrst vist fram på Kraftmuseet sommaren 2018. Sidan har ho vore på reis og utstilt fleire stader i heile landet. Saman med tidslinja og arkitekturutstillinga er Kampen om Alta med på å vise publikum ulike sider av vasskraftutbygginga, og er ein fin inngang til problematisering og diskusjon kring vasskrafttema – og kraftutbygging generelt. Utstillinga vart kraftig aktualisert i 2024, med Fosen-saka, demonstrasjonar og TV-serien *Makta*, som vart sendt på NRK.

Besøk på Lilletopp

Dei siste åra har Kraftmuseet hatt eit godt samarbeid med Trolltunga Active AS (TA) om vertskapsressurs på Lilletopp. TA stilte med vertskapet på Lilletopp også i 2024. Dette gjer bemanningssituasjonen lettare for museet, og gjev samstundes kompetanseheving på kraftturisme i reiselivsnæringa.

Nokre færre fann vegen inn i fjellet på omvising enn åra før, berre 145 stykk i 2024. Dette heng saman med fleire ting, som til dømes opningsperiode og vêrtilhøve. Det har likevel vore aukande interesse for, og bruk av, dei tørrlagde vassstunnelane frå samarbeidspartnarane Trolltunga Active og Estangard, noko som òg generer billettinntekter til museet. Mellom anna hadde TA ca. 180 skuleelevar frå England på omvising i tunellane.

Samarbeidspartnarane våre nyttar museet sitt manus i omvisingane dei har på Lilletopp.

Undervisningsopplegg

Museet har hatt om lag 400 grunnskuleelevar innom på undervisningsopplegg innan tematikk vatn, energi, energihistorie, elektrisitet og naturvitskapleg metode.

Saman med Ungt Entreprenørskap i Vestland fylkeskommune hadde KraftLaben ansvaret for det faglege innhaldet i SMARTare teknologi 2024. Det vart gjennomført kurs for lærarar, og til saman 1 979 elevar var med på opplegget, der 30 av dei gjekk vidare til kommunefinale. Ei av oppgåvene elevane fekk velje i år, var gitt av Kraftmuseet:

Korleis kan me bruka teknologi for å skapa magi i arkitekturutstillinga i kraftstasjonen i Tyssedal?
Vinnarane av kommunefinalen kom frå Skare, og vart inviterte til museet for å presentere forslaget sitt. Dei spilte òg inn idear til kva slags verkemiddel museet kan nytte når vi planlegg ny basisutstilling i Naustbakken 7.


I haust arrangerte Kraftmuseet og Ullensvang kommune *First Lego League Ullensvang*. Tema denne gongen var *Submerged*. Elevane skulle utføre oppgåver knytt til innovasjon, forskning, teknologi, design og programmering – og halde presentasjonar kring utforsking av hav. Museumspedagog frå Kraftmuseet hadde ansvaret for dommarane og dommaropplæringa. Arrangementet på Odda ungdomskule var svært vellukka, og til saman deltok 182 elevar og kring 500 tilskodarar gjennom dagen.

Gjennom året har museet hatt ein rekke undervisningsopplegg for grunnskulane i Ullensvang. På KraftLaben har elevane mellom anna eksperimentert seg fram til den hemmelege ingrediensen i kjeksoppskrifta til Mor Norge i *Kjemimysteriet*, dei har utforska sansane i *Sansesirkus* og leikt med energi og kraft i *Energirekke*.

I Tyssedal har vi hatt elevar i alle aldrar med på omvisingar med forskjellige tema, og elevane har lært om segn og natur, og fått prøve seg som kunstkritikarar og kunstnarar i *Kunstvandring* på Tyssedal hotel.

Ungdomsskuleelevar har hatt opplegg om grøn energi, der vi tok opp den vanskelege problemstillinga grøn energi vs. vern av natur. Saman med Trolltunga Active AS har Kraftmuseet også hatt besøk av ca. 200 elevar frå London med forstader. Hå oss lærte dei om grøn energi, norsk vasskraft og industrialisering i kraftstasjonen, før dei klatra Via ferrata til Lilletopp.

Kraftmuseet har elles ein avtale med lærarane i kommunen om at elevar med særskilte behov fritt kan nytte KraftLaben for å kome seg ut av klasserommet – og få nye inntrykk, gjennom leik, læring og oppleving.




Undervisning i KraftLaben. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Digital formidling

Museet tilbyr digitale formidlingstilbud på nettstaden vår, samt gjennom Kraftlandet.no. Kraftmuseet har ein digital 3D-modell av Folgefonngata liggjande på Google maps, og ein modell av Tysso I på den same plattformen.

Kraftlandet.no vert bygd opp med tematiske episodar, og i 2024 har vi arbeidd med tema kraftoverføring og forsyningstryggleik. I desember vart denne episoden lansert – med sideforteljingar, podcast og animasjonar.



Episoden om straumforsyning og tryggleik vart publisert i desember. Foto: Kraftlandet.no

Podcast-episodane frå Kraftlandet har vore populære gjennom heile året. I tillegg til at dei ligg under kvar episode på Kraftlandet.no er dei òg tilgjengelege som eigen podcast i dei fleste plattformene for podcast. I tillegg vert dei publiserte på podcasten *Museumspodden*.

Høyrespelet om Fossegrimen er ei musikkforteljing museet tidlegare har produsert og nytta som førestilling og gjeve ut på CD.

I påska slapp vi denne forteljinga som ein podcast fordelt på fire episodar. Dette er ein god måte å nå nye lyttarar på, og gjev ny og moderne bruk av eksisterande formidlingsmaterieil.

Radio Folgefonn har i 2024 arbeidd med ein podcast kalla «Krafta vår». Her har museet levert intervju og informasjon til episode 2.

Formidlinga vår gjennom Digitalt museum er populær. Fleire tusen er innom postane til Kraftmuseet kvart år, og innhaldet her vert flittig delt til andre plattformer, som til dømes Facebook.

I 2024 fullførte Kraftmuseet overflytting av artiklane våre frå den gamle nettstaden vår og over til Digitalt museum.

Arrangement

I 2024 feira Kraftmuseet 35 årsjubileum for det første driftsåret vårt, noko som vart markert gjennom året. På skotårsdagen, 29. februar, slo museet på stortromma med iskonsert i kraftstasjonen. Terje Isungset er ein av landets beste og mest kjende perkusjonistar. Han reiser rundt i verda med prosjektet *Ice Quartet*, der muskarane spelar på instrument av is. Konserten i kraftstasjonen på smeltande instrument av is vart ei sterk oppleving, med gjenklang frå smeltande is i oppvarma natur.

Inni «jubileumspakka» vår var òg opninga av universelt utforma anlegg i Folgefonngata, samt opninga av miniatstillinga Inn i Frukthagen. Sjå også framsida og avsnitt 3, med meir om jubileumsåret.



Opning av miniutstillinga Inn i Frukthagen. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Oddafilmane

Kraftmuseet, i samarbeid med Odda bibliotek og Odda Kino, har vist dei to Oddafilmane som vart laga til markeringane Odda kommune 50 år og Odda kommune 100 år, og samstundes har vi fortalt om korleis verksemdar og privatpersonar kan få hjelp og informasjon frå oss om ulike tema som museet arbeider med.



Odda-filmane på Odda kino

FREDAG 1. MARS
KLOKKA 12
PÅ ODDA KINO
GRATIS INNGANG

8. mars

Tradisjonen tru arrangerte Kraftmuseet *Den internasjonale kvinnedagen* 8. mars. For tredje år på rad var Odda - Tyssedal pensjonistforening med som arrangør, saman med fleire politiske parti. Det var tog gjennom gatene i Odda, med parolar som «Solidaritet med kvinner på flukt», «Kvinner for fred» og «Pensjonistar går ikkje heim, dei går i tog for eit meir rettferdig samfunn».



På Sentralbadet litteraturhus vart det appellar og musikalske innslag. Hovudappellanten var Mari Petersen Dale frå krisesenter Vest IKS, som hadde fokus på mellom anna partnervald og -drap – ein sterk tematikk, som diverre var mykje framme i nyheitene vinteren 23/24. Kvelden vart avslutta med gode diskusjonar og refleksjonar kring borda.

Gro Tyssedalstveit Kollbotn frå Kraftmuseet presenterer appellantane på 8. mars-markeringa i Odda. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Tysso Pride

Tysso Pride vart arrangert for femte gongen 1. juni. Nok ein gong var Kraftmuseet medarrangør, og paraden gjekk frå Tyssohallen og ned til kraftstasjonen.

Arrangementet vart opna av ordførar i Ullensvang kommune, Roald Aga Haug. Det var appellar, musikkinnslag og leiker for barn i samarbeid med Tyssedal turn- og idrettslag. Det vart registrert deltaking frå om lag 140 vaksne og 60 barn.

«Den dramatiske oddingen»

Tema for Litteratursymposiet 2024 var DRAMA – og museet deltok med eit kåseri om den dramatiske oddingen!

Det moderne Odda vart fødd på dramatisk vis. Dynamitten gjalla mellom fjella og rallar og slusk skremde dei innfødde frå vettet. Resultatet vart ein smeltedigel av nye innbyggjarar frå alle landshjørne. I tillegg var naturen som omkransar staden viden kjent for dramatik. Kan det vere årsaka til at oddingen er meir dramatisk enn andre? Eller er han eigentleg det? Vi fekk vist fram dramatiske og historiske hendingar på godt og vondt, for 75 publikummarar.

Gro Holm – ein av dei 4 store forfattarane

I samarbeid med statsstipendiat Guttorm Rogdaberg deltok Kraftmuseet i ein inngåande presentasjon om Gro Holm sitt forfattarskap ved Hesthamar skrivargard i april.

Det vart fullt hus – 45 begeistra publikummarar.

Luciafeiring

Kraftmuseet inviterte Tyssedal barnehage samt grunnttrinnet på Tyssedal barneskule til Luciafeiring i kraftstasjonen. Barna pynta seg i kvitt, og song medan dei gjekk rundt juletreet.

Formidlar frå museet fortalde eventyr, og til slutt fekk alle bollar og saft. 19 foreldre stilte opp saman med barna.



Lang, lang rekkje. Luciafeiring anno 2024. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Dette var eit utval av arrangementa våre i år. Kraftmuseet har elles stilt lokale til disposisjon for ytterlegare ei rekkje arrangement:

Hardanger Internasjonale Siderfest nytta lokale i Lindehuset. 100 personar gjekk i sidertog mellom ulike serveringsstader i Odda, og eit av stoppa var i Nitrogenanlegget i Lindehuset. På laurdagen var det 460 publikummarar på sidersmaking, der 19 siderprodusentar var representerte.

Hardanger Musikkfest hadde avslutningskonserten sin i Kraftstasjonen i september. Det norske kammerorkester, leia av Pekka Kuusisto, framførte ein vakker konsert. «Ikkje ei einaste tone var til overs», uttalte ein publikummar i salen, etter konsertslutt.



Det norske kammerorkester avslutta Hardanger Musikkfest i kraftstasjonen i 2024. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Museet hadde opent for gjestar på KraftLaben i samband med Positive døgner. Om lag 100 born og vaksne nytta seg av dette tilbodet.

Litteratursymposiet 3.-6. oktober nytta Lindehuset ved fleire arrangement. Museet leigde òg ut koordinator til Litteratursymposiet. Under festivalen var 1 287 vaksne og 332 barn publikum i Lindehuset. 62 personar var innom smia i Odda.

6. Mangfald og inkludering

Samisk kultur og kulturarv

Gjennom det pågåande menneskerettsbrotet mot samar (Fosen-saka) har Alta-utstillinga vår vorten aktualisert og diskutert. Vi nyttar utstillinga aktivt for å vise fram problemstillingane som ligg i konflikten mellom grøn energi og naturvern. Utstillinga har òg vorten nytta i undervisningsopplegg for å snakke om demokrati og medborgarskap med elevar.

Kjøn, identitet og mangfald

Kraftmuseet er medarrangør i Tysso Pride. Sjå også «Arrangement».

Museet har eit pågåande skisseprosjekt for å gjere museet meir universelt utforma (UU). To tilsette frå museet har delteke på kurs i universell utforming ved MUHO, og vi sendte Kulturrådet søknad om eit UU-forprosjekt, med tilslutning frå Ullensvang FFO. Søknaden vart ikkje innvilga i denne omgangen, men vi har på plass ein avtale om samarbeid med Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon (FFO) for å finne konkrete løysingar for større tilgjenge ved museet.

Arbeid med flyktningar og vanskelegstilte

Alle skal ha mogelegheit å besøke Kraftmuseet og ha fri tilgang på eigen kulturarv. I 2024 fortsette vi det systematiske arbeidet med å dele ut gratis årskort til vanskelegstilte familiar, flyktningar og andre grupper som fort fell utanfor i samfunnet. Vi var i kontakt med flyktningkontoret i kommunen, dei ulike flyktningmottaka og vaksenopplæringa. Flyktningmottaka og kommunen kan etter avtale sjølv skrive ut og dele ut billetter til museet. Vi gav også årskort til ein organisasjon som hjelper vanskelegstilte i kommunen med julegåver.

7. Forsking, utvikling og nettverksarbeid

Arkivet skapt av fredsforskar Johan Galtung

Henting av arkivet i Spania sommaren 2024 vart ei særers ressurskrevjande øving for museet. Mange har vore involverte – og vi hadde ikkje klart dette utan støtte. Prosjektet vart finansiert opp gjennom støtte frå Fritt Ord, Sparebankstiftinga Hardanger og Ullensvang kommune. Museet har bidrege med mykje eigeninnsats i form av koordinering, administrasjon samt rekneskapsarbeid.

I tillegg til arkivet har Hardangerakademiet fått boksamlinga etter Johan Galtung i gåve. Vi fekk med oss heile boksamlinga i lasset, samt diplom, utmerkingar m.m. Dette var vi ikkje sikre på om vi skulle greie, og det har rett nok kosta oss ein del ekstra tidsressurs og pakkemateriell. Boksamlinga skal oppbevarast hjå Hardangerakademiet. Gjennom eit nært samarbeid med Hardangerakademiet om mottak av forskarar, studentar og forfattarar, vil boksamlinga òg verte relevant for oss, mellom anna som nyttig referansepunkt.

Vi går no i gang med det vidare arbeidet med hovudprosjektet; ordning av arkivet, formidling av arkivet og framtidig driftsmodell.



*Plasting av flyttekassar med arkiv, Alfaz del Pi, 20.06.24. Harald Jordal, John Sullivan, Andreas Galtung.
Foto: Siri Jordal, Kraftmuseet*

Forskingsnettverk for musea i Vestland

Kraftmuseet deltok også i 2024 i Forskingsnettverk for musea i Vestland. Ein tilsett ved Kraftmuseet held på med mastergrad i pedagogikk med vekt på formidling.

Jubileumsbok for Boliden Odda AS

Boka vart ferdigstilt, produsert og trykka innan det offisielle jubileet til Boliden i desember 2024. Det har vore mykje koordineringsarbeid gjennom prosjektperioden. Kraftmuseet sitt sluttarbeid med fotolegging av manuskriptet gjorde sitt til at boka vart flott og innhaldsrik.

Kraftlandet.no

Kraftlandet.no inngår i hovudsatsinga vår saman med NVE og Anno Norsk skogmuseum i NVE si museumsordning. Kraftlandet.no er ein digital plattform som skal formidle historier om vatn og kraft, hovudtema som inngår i NVE sin portefølje, og tema som er sentrale for dei to samarbeidsmusea.



*Redaksjonen i Kraftlandet var samla i Tyssedal og Odda hausten 2024 for å planlegge framtidig arbeid.
Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet*

Dette er innleiinga til Kraftlandet:

«Eit land der menneska møter naturkreftene. Nokre av kreftene kan me temme, andre rår me ikkje over. Gjennom generasjonar har me bygd samfunnet på naturen sine ressursar og kjent på farar som flaum og skred. Forteljingane om desse naturkreftene, om desse menneska, bur i Kraftlandet.»

Kraftlandet veks fram gjennom episodar med ulikt innhald, som til dømes artiklar, animasjonar og illustrasjonar, og ein podcast. Kraftmuseet er del av hovudredaksjonen, og tilsette ved museet har skrive fleire av artiklane på nettstaden.

Den sjette episoden, om kraftoverføringa, vart publisert i desember 2024.

Kraftturisme i det vestnorske kraftlandskapet

Kraftturisme i det vestnorske kraftlandskapet er eit prosjekt i regi av Vestland fylkeskommune, Rogaland fylkeskommune og Riksantikvaren. Kraftmuseet deltek i prosjektet. I 2024 er det signalisert at prosjektet er i ein avsluttings- og mogeleg vidareføringsfase. Det kjem eit nettverksmøte med tanke på vidareføring av arbeidet i januar 2025.

TICCIH

Mot slutten av året har Kraftmuseet meldt seg inn i TICCIH, *The International Committee For The Conservation Of The Industrial Heritage*, noko som vil gje oss nye mogelegheiter for nettverksarbeid og informasjon om aktuelle samarbeid, forskings- og formidlingsprosjekt.

ERIH – European Route of Industrial Heritage

Kraftmuseet har i 2024 jobba med ERIH hovudsakleg gjennom deltakinga vår i Kraftturismeprosjektet.

Vi har óg delteke på samarbeids- og nettverksmøte mellom aktørar frå ulike europeiske kulturruter, i regi av Kulturrådet.



Kraftstasjonen i Tyssedal er ankerpunkt i ERIH. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

SIKA

Kraftmuseet har varamedlem i styret i *Fagseksjon for industri, kommunikasjon og anlegg* i Museumsforbundet. I 2024 deltok vi på dei fire digitale styremøta, der planlegging av eit seminar om KI og dokumentasjon vart ein viktig del av arbeidet.

Tekstarbeid, presentasjonar av dokumentasjon

Ein tilsett ved Kraftmuseet har undervegs ein forskingsartikkel i prosjektet *Tilknytingsformer i norsk arbeidsliv i eit historisk perspektiv*. Her er ein i prosess med forlag om fagfellelvurdering og mogeleg antologiutgjeving.

Kraftmuseet fekk publisert ein artikkel i tidsskriftet *Museum* nr. 1/24 om kraftutbygginga i Tyssedal, i samband med KORO sitt store utsmykkingsprosjekt i det nye Regjeringskvartalet. Artikkelen fekk tittelen *Berre ein stein?*

I samband med forprosjektet *Arkivet* skapt av Johan Galtung har Kraftmuseet òg fått publisert ein artikkel i tidsskriftet *Aksess* nr. 4/24, med tittel *Korleis arkivet etter ein internasjonal fredsforskar «hamna» i Odda*. Kraftmuseet er vidare medforfattar på ein artikkel som etter planen skal fagfellelvurderast og publiserast i antologien *Bærekraftige Energinarrativer – Medskyldige museer* i 2025.

3D Latvia

3D Lativa er eit EØS-prosjekt mellom Noreg og Latvia om metodebruk i dokumentasjon av store anlegg. Målgruppa er eigarar av slike anlegg. Vi leverte innhald saman med NVE og Riksantikvaren til handbok i 3D-dokumentasjon i 2024. Boka skal etter planen lanserast på seminar i Oslo og Riga våren 2025.

«Satellitt» på Nesflaten?

Kraftmuseet har i 2024 arbeidd med initiativtakarane Liv på Nes om mogeleg formidling og faglege museumsbidrag i det store Sentrumsbyggprosjektet på Nesflaten. Vi har mellom anna bidrege med ei videohelsing til eit folkemøte på Nes i sommar.

Norsk Industriarv

Kraftmuseet deltek i alle nettverksmøta. I 2024 har foreininga jobba vidare med den varsla overgangen frå bevaringsprogramma til bevaringsstrategiar – Riksantikvaren. Det vert vesentleg for framtidig drift korleis den statlege oppfølginga vert for anlegga som har vore nasjonalt prioriterte i Bevaringsprogrammet for teknisk-industrielle kulturminne. Det er òg viktige faglege nettverk som kan verte svekka, om ein ikkje får til ein god overgang.

Tinghuset i Førde

Kraftmuseet har vore på synfaring i det nye, store magasinet Tinghuset i Førde ved to ulike høve/tilsette i 2024. Det er inspirerande å sjå kva MISF – Musea i Sogn og Fjordane – har fått til på dette feltet.

EnergiRike

Kraftmuseet er fullverdig medlem av EnergiRike. Styreleiar deltok ved EnergiRike-konferansen i Haugesund i august.

Norges Museumsforbund

Kraftmuseet har delt våre vedtekne KI-retningsliner med Norges Museumsforbund sitt sekretariat.

8. Administrasjon og drift

Miljø og HMT

Krava knytt til miljø- og berekraftarbeid ved musea vert stadig større og meir uttalte. Kraftmuseet har nasjonale oppgåver knytt til formidling av ressursutvinning, berekraft og det krevjande feltet grøn energi versus naturtap. Her jobbar vi strategisk saman med Anno Norsk Skogmuseum og NVE i museumsordninga.

Helse, Miljø og Tryggleik (HMT) er eit fast punkt på alle måndagsmøta. Det faste innslaget av HMT gjer at leiinga og dei tilsette har jamt fokus på dette, og kan ta opp smått og stort knytt til helse, miljø og tryggleik i verksemda.

Kraftmuseet er medlem av Bedriftshelse1. Det vert jobba systematisk med arbeidsmiljøet gjennom samarbeidsmøte med bedriftshelsetenesta, i kontaktmøte mellom leiinga og dei tillitsvalde, gjennom faste møte kvar måndag med alle tilsette, gjennom faste møte i leiargruppa kvar torsdag og gjennom forbetringsarbeid knytt til planverk og rutinar. Vi held fokus på felles arrangement og samlingar, som til dømes felles personalturar.

I 2024 tok vi turen til Ulvik og Osa, for å lære meir om «industristaden som det ikkje vart noko av».

Kraftmuseet søkte Virke om OU-midlar til ein samlande og lærerik personaltur i 2025, og fekk tilslag. Turen går til Kongsberg med spanande teknisk-industrielle kulturminne i september.

Kraftmuseet har i 2024 gjennomført medarbeidersamtalar med oppfølging og dokumentasjon gjennom leiarverktøyet Motivati.

Straum og fjernvarme

I 2024 har vi arbeidd tett med eigaren av Tyssø I kraftstasjon, AS Tyssefaldene, samt vår nære samarbeidspartnar om fjernvarmeanlegget, Ineos, om vegen vidare for fjernvarmeanlegget i nedre Tyssedal. I 2024 har vi hatt utfordringar med levering av stabil fjernvarme. Samstundes har vi hatt svikt i fleire ledd i fjernvarmeanlegget, med lekkasje og eit vanskeleg identifiserbart brot på leidninga, medan ei pumpe i sekundærkretsen bør skiftast ut. Når fjernvarmeleveransen er stabilisert, må vi reinnføre nettleige på fjernvarme, og slik byggje opp att det tilhøyrande fondet.

Grunna ustabil fjernvarmeleveranse i 2024 har det vore naudsynt å kompensere med bruk av straum. Vi har samstundes gjennomført ei rekkje ENØK-tiltak gjennom året, mellom anna skifte av panelomnar i 2. etasje i Naustbakken 7 til nye, meir effektive omnar med styringssystem, noko som nok på sikt vil bidra til eit lågare energiforbruk – og eit trivelegare inneklima.

Plan- og strategiarbeid

Administrasjonen har i 2024 arbeidd med personalhandbok for Kraftmuseet, revisjon av strategisk plan, retningslinjer for bruk av KI ved Kraftmuseet samt visuell årsplan for 2025. Komplettering av Kraftmuseet sitt planverk gjer ansvarstilhøva ved museet tydelegare, styrkjer administrasjonen si handlekraft og gjer drifta av museet meir føreseieleg.

Ei viktig, strategisk oppgåve for direktør er å motivere og styrke leiargruppa, og i 2024 tok vi turen til Salhus for heildagsmøte med gjennomgang av sentrale problemstillingar for drifta av Kraftmuseet.

Samandrag, strategisk plan 2025 – 2030

Kraftmuseet sine hovudtema: Historie knytt til elvar og vatn, vasskraftproduksjon, elektrisitet, kraftkrevjande industri og industristad. Mennesket i høve til heim, arbeidsplass, samfunn og natur.

Vasskraftproduksjon og kraftkrevjande industri sine verknader på samfunnet:

Teknisk, økonomisk, sosialt, politisk, kulturelt og miljømessig.

Vår visjon er: Lange linjer – stor spenning.

Dei fire kjerneverdiane våre er: Kvalitet, engasjement, nytenking og relevans.

Dei fem strategiane våre er:

1. Kraftmuseet skal ta ei tydeleg samfunnsrolle
2. Kraftmuseet skal utvikla gode publikumsarenaer
3. Kraftmuseet skal nå flest mogleg med formidlinga
4. Kraftmuseet sine kulturminne skal ha profesjonell forvaltning
5. Kraftmuseet skal driva kunnskapsutvikling på nasjonalt nivå.

Vårt hovudmål er:

Kraftmuseet skal vera eit sterkt museumsfagleg miljø som med engasjement og kvalitet forvaltar og formidlar kulturminne og historie. Museet skal vera relevant i samtida, og eit leiande museum nasjonalt innan våre hovudtema.

KRAFT
MUSEET

Synleggjering og representasjon

Nes gardssag

Kraftmuseet ved direktør vart invitert til å halde eit innlegg på fagseminar i samband med opninga av den ferdig restaurerte Nes gardssag i Mundheim laurdag 24. august. Innlegget hadde tittelen *Kraft, turisme og identitet*, etter ønske frå initiativtakar Kåre Nes. Kraftmuseet, dåverande NVIM, gjennomførte eit dokumentasjonsprosjekt på sagbygning med dam, røyrgate og turbin i 2017.

Rapporten konkluderte slik: *Nes bygdesag kan vera med og fortelja ein viktig bit av Hordaland si kulturhistorie. Det er eit teknisk-industrielt kulturminne som er unikt i vårt område, og også spesielt i nasjonal samanheng. Om ein kjem dit at saga også kan vera til praktisk nytte i Nestunet si næringsverksemd, må samfunnsnyttan kunna seiast å vera betydeleg.*

Det var kjekt å kunne trekkje fram sitat som dette frå dokumentasjonsrapporten, og sjå at Kraftmuseet si anbefaling om å ta vare på dette anlegget no etter sju år med mykje arbeid lokalt, er oppfylt.

Utval for Kultur og Levekår

Kraftmuseet vart invitert til Utval for Kultur og Levekår i kommunestyresalen 7. juni, for å halde ei orientering. Direktør presenterte museet i ord og bilete, og fortalte om kva eit museum er generelt, kva Kraftmuseet står for spesielt, og korleis vi er drifta og finansierte. Vi nytta høvet til å takke for driftstilskotet vårt, som gjer det mogeleg for oss å byggje ein organisasjon på om lag 18 tilsette, og med eit driftsbudsjett kor det kommunale driftstilskotet «forrentar seg» 14 gonger, i eit godt spleiselag. Museet gjer òg eit viktig stykke arbeid for vanskelegstilte, og for inkludering. Slik fekk vi fram, på ulike måtar, at tilskot til museet er ei god investering i lokalsamfunnet.

Utvalet vart oppmoda om å nytta oss meir, og vart invitert til å kome på besøk i Tyssedal. Det gjorde dei, 26. november. Her vart det meir presentasjon og gode kulturopplevingar i utstilling og i kraftstasjon.



Utval for Kultur og Levekår vitjar stasjonen. Foto: Liv Eirill Evensen, Kraftmuseet



Utval for Kultur og Levekår møter Kraftmuseet. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet

Besøk frå Kultur- og Likestillingsdepartementet

Kulturminister Lubna Jaffery besøkte Kraftmuseet 5. oktober, med Industriarkivet, Smia og KraftLaben som stoppepunkt. Her fekk ho sjå dei 28 kassane med arkiv skapt av Johan Galtung, smedelevaer i full sving i smia – og høyre om museet sitt arbeid med samling og formidling.

Ordførar, styreleiar og fire tilsette deltok på runden.



Kulturministeren og ordføraren i Smia 5. oktober. Foto: Liv Eirill Evensen, Kraftmuseet

Energi- og miljøkomiteen

Energi- og miljøkomiteen vitja Kraftmuseet i mai, i samband med ein større kraft- og næringsrunde i regionen.

Kraftmuseets venner

Kraftmuseet deltek med ein representant i alle styremøta i Vennelaget, og informasjonsflyten går godt mellom lag og museum. Kraftmuseet bidreg med redaksjonelt arbeid og distribusjon av medlemsbladet *Liv og rør*.

Den årlege museumsturen i september gjekk til Sauda og Nesflaten, med 26 deltakarar.

Vennelaget gjennomførte den tradisjonelle og populære juleverkstaden sin 30. november.

Eit opprustinga museumsanlegg i Folgefonngata legg no grunnlag for meir bruk av anlegget i tida som kjem. Målet er både at vennelaget skal kjenne seg heime i Folgefonngata og ha dette som base, og at anlegget skal verte meir nytta til gode museums- og sentrumsføremål, for fleire brukargrupper.



Det er koseleg med juleverkstad i Folgefonngata! Foto: Ingunn Olsen Mossefin, Kraftmuseets venner

9. Vegen vidare

2024 vart jubileumsåret kor mykje høgkvalitetsarbeid skulle gjerast, samstundes, og på kort tid. Store opplevingar skulle syast saman, anleggsarbeid skulle slutførast, gjenstandar skulle avhendast, artiklar skulle skrivast, og nettverk skulle pleiast – og utviklast.

Og vi *har* fått til mykje i året som har gått, til tider med nokså redusert bemanning. Dei tilsette har gjort ein formidabel innsats gjennom dette året.

Vegen vidare for Kraftmuseet vil handle mykje om strategisk utvikling. Vi må ha høve til å løfte blikket frå kvardagsoppgåvene og over på dei store spørsmåla: Kven er vi, og kven vil vi vere i åra som kjem?

Kva skal prioriterast? Kva forventar storsamfunnet seg frå oss? Og har vi tid, rom, ressursar og *mot* – til å tenkje nytt?

Kva vil det eigentleg seie å drive museum, i den tida vi lever i?

I januar 2025 kom regjeringa si nye beredskapsmelding, *Meld. St. 9 (2024-25) Totalberedskapsmeldingen*. Her har musea fått ei ny, uttalt og uomtvisteleg beredskapsrolle:

Kulturminna representerer mål, middel og motstandskraft – i kriser og krig.



Tysso I kraftstasjon pynta til fest. Foto: Åsne Dolve Meyer, Kraftmuseet